KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

# Statistikk for museum 2015

Utgitt av Kulturrådet

ISBN: 978-82-8105-130-0 (PDF)

Kulturrådet
Mølleparken 2
Postboks 8052 Dep
N-0031 Oslo
Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

# INNHALD


| | |
|---|---|
| s. 4 | Innleiing |
| s. 5 | Museumsdrift |
| s. 8 | Besøk |
| s. 11 | Utstillingar  og formidling |
| s. 12 | Forsking og fagleg samarbeid |
| s. 13 | Forvaltning av samlingar |
| s. 19 | Besøk 2015 og 2006, tal på gjenstandar, fotografi og årsverk |
| s. 23 | Fylkesvise tabellar |

# Statistikk for museum 2015

Statistikk 2015 for norske museum blei samla inn i mars 2016 og omfattar museum med minst eitt fast årsverk i rapporteringsåret. Museumsstatistikken skal gi eit oversyn over norske museum, og syner informasjon om museumsinstitusjonane, besøk og tilgjenge, formidling og utstillingar, forsking og samarbeid, forvalting av bygningar og samlingar. Talmaterialet femner om i alt 116 museum. Av desse fekk 71 museum driftstilskot frå Kulturdepartementet. Dei 45 andre musea er mellom anna kommunale museum, universitetsmuseum og museum under andre departement.

Rapporten er konsentrert om fem område. Den første delen omtalar drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Del to presenterer publikumstal og tilgjenge. Dei neste delane gir informasjon om tre av kjerneoppgåvene til musea: formidling, forsking og forvalting.

# MUSEUMSDRIFT

Talet på museum som er med i denne statistikken har gått ned frå 188 i 2005 til 116 i 2015. Nedgangen skuldast i hovudsak konsolideringsprosessar der museum har gått saman i større organisasjonar.
Over heile landet har desse prosessane gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold, organisasjonsform og organisering. 63 prosent av musea var i 2015 organiserte som stiftingar, 21 prosent var offentlege verksemder/selskap og 13 prosent aksjeselskap. Det er verdt å merke seg at dette i hovudsak gir eit bilete av korleis museumsdrifta er organisert, medan det mange stader framleis er dei gamle museumsstiftingane (ofte kalla «eigarstiftingar») som er formelle eigarar av bygningar og samlingar.

## Økonomi

Musea sine samla inntekter var 4,8 milliardar kroner i 2015, medan dei totale utgiftene var 4,7 milliardar kroner. Lønns- og pensjonskostnader var den største utgiftsposten med samla 53 prosent av utgiftene. Husleige og avskrivingar utgjorde i alt 12 prosent, og i tillegg må det reknast med at ein del av dei andre driftsutgiftene var faste. Utgiftsfordelinga viser såleis at musea har ein kostnadsstruktur med høge faste utgifter. Til samanlikning utgjorde dei ordinære offentlege driftstilskota 65 prosent av driftsinntektene. Medrekna prosjekttilskot utgjorde dei samla offentlege tilskota til musea 71 prosent av inntektsgrunnlaget.

Offentlege tilskot til musea var i alt 3,4 milliardar kroner i 2015, noko som svarar til 648 kroner per innbyggjar (613 kroner i 2014).

Musea sine eigeninntekter er m.a. billettinntekter, butikk- og kaféinntekter, sponsorinntekter og gåver. Totalt hadde musea eigeninntekter på 1,4 milliardar kroner i 2015 (mot 1,3 milliardar året før), noko som svarar til 29 prosent av dei samla inntektene, same prosentdel som i 2014. Tilsvarande tal for 2005 var 33 prosent. Musea fekk 160 millionar i sponsorinntekter og gåver i 2015, ein del som har vore ganske stabil sidan 2005, mellom 3 og 5 prosent. Frå 2015 blir det rapportert særskilt for gåver (93 mill. kroner) og sponsorinntekter (67 mill. kroner).

FIGUR 1: ORGANISASJONSFORM




| | |
|---|---|
| Stiftelse | 63 % |
| Aksjeselskap | 13 % |
| Statleg verksemd | 10 % |
| Interkommunalt selskap | 7 % |
| Kommunal verksemd | 4 % |
| Foreining/lag | 1 % |
| Anna | 2 % |

TABELL 1: UTVIKLING OG FORDELING AV INNTEKT 2005-2014 (I HEILE MILL.)

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ordinært offentleg tilskot | 1 684 | 1 800 | 2 026 | 2 201 | 2 398 | 2 464 | 2 626 | 2 674 | 2 887 | 3 110 |
| Andre eigeninntekter | 406 | 401 | 402 | 391 | 451 | 411 | 410 | 404 | 544 | 601 |
| Billettinntekter | 202 | 241 | 242 | 238 | 258 | 286 | 286 | 269 | 323 | 331 |
| Varer og tenester | 193 | 226 | 252 | 286 | 308 | 324 | 335 | 382 | 296 | 313 |
| Ekstra offentleg tilskot | 183 | 222 | 198 | 314 | 201 | 297 | 234 | 319 | 279 | 269 |
| Sponsorinntekter og gåver | 125 | 130 | 106 | 95 | 116 | 193 | 111 | 118 | 132 | 160 |
| **Totalt** | **2 794** | **3 021** | **3 227** | **3 525** | **3 733** | **3 974** | **4 003** | 4 166 | **4 460** | **4 783** |

FIGUR 2: PROSENTVIS FORDELING AV INNTEKTER 2006-2015




TABELL 2: UTVIKLING OG FORDELING AV UTGIFTER 2006-2015 (I HEILE MILL.)

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn | 1 273 | 1 396 | 1 524 | 1 611 | 1 743 | 1 798 | 1 936 | 2 045 | 2 174 | 2 229 |
| Pensjon | 95 | 110 | 124 | 139 | 156 | 149 | 207 | 188 | 205 | 247 |
| Andre utgifter | 478 | 537 | 549 | 665 | 671 | 678 | 691 | 794 | 838 | 899 |
| Husleige | 317 | 294 | 295 | 355 | 403 | 398 | 417 | 371 | 442 | 489 |
| Varer og tenester | 270 | 270 | 294 | 294 | 305 | 297 | 332 | 361 | 382 | 354 |
| Drift/vedlikehald av lokale | 291 | 255 | 348 | 337 | 348 | 297 | 325 | 320 | 307 | 357 |
| Askrivingar | 44 | 51 | 58 | 62 | 84 | 88 | 80 | 73 | 77 | 85 |
| **Totalt** | **2 768** | **2 913** | **3 193** | **3 462** | **3 710** | **3 704** | **3 988** | **4 152** | **4 425** | **4 661** |

FIGUR 3: PROSENTVIS FORDELING AV UTGIFTER 2006-2015



FIGUR 4: UTVIKLING I TAL ÅRSVERK 2006-2015




FIGUR 5: FORDELING AV ÅRSVERK 2006-2015




## Årsverk

I 2015 var det rapportert om 4016 lønte årsverk i norske museum. I alt arbeidde 3 669 personar i faste stillingar, til saman 3085 årsverk. Dei ti siste åra har talet på personar og årsverk i faste stillingar auka jamt. Talet på årsverk i andre lønte stillingar gjekk opp frå 868 i 2014 til 931 i 2015. I tillegg er det rapportert om samla 198 frivillige årsverk. Sidan 2007 har dette talet vore rapportert nokolunde stabilt kring 200 årsverk. I 2005 rapporterte musea om 173 frivillige årsverk.

## Personale

I 2015 stod kvinner for 54 prosent av årsverka i faste, lønte stillingar og for 60 prosent av andre lønte stillingar. Menn utførte 58 prosent av årsverka i leiarstillingar og 69 prosent av årsverka i dei tekniske stillingane. Kvinnene dominerte dei administrative og vitskaplege årsverka, med høvesvis 73 prosent og 59 prosent.

Fordelinga mellom administrative, faglege og tekniske årsverk har endra seg noko sidan dette kom med i statistikken i 2006. Delen faglege og administrative årsverk har gått opp, medan delen årsverk i leiarstillingar og for teknisk personale har gått ned.

I museumsstyra var 47 prosent kvinner og 53 prosent menn i 2015. Av styreleiarane var 68 prosent menn (73 prosent i 2014).

# BESØK

I 2015 hadde musea 11,3 millionar besøk. Det er meir enn nokon gong tidlegare og ein auke på 4 prosent frå 2014. Samanlikna med 2010 er Troms det fylket som har hatt størst prosentvis auke i besøk, med ein oppgang på 88 prosent. Aust-Agder (pga. opning av nytt bygg), Telemark, Finnmark og Sogn og Fjordane var fylka med den største auken siste året (40 prosent auke i Aust-Agder, 27 prosent i Telemark og 20 prosent i Finnmark og i Sogn og Fjordane).

Besøkstala har gått mest attende i Østfold, med 26 prosent nedgang sidan 2010. Siste året viser besøkstalet for Sør-Trøndelag ein nedgang på 19 prosent, noko som skuldast at det største museet i fylket har innført strengare registreringspraksis.

Dei 16 mest besøkte musea i 2015 stod for 50 prosent av det samla besøket. 18 museum hadde kvar mindre enn 10 000 besøk. Flest besøk hadde Oslo med 7,1 besøk per innbyggjar. Over landsgjennomsnittet, som i 2015 var 2,2 besøk per innbyggjar, låg også Sør-Trøndelag med 2,8 besøk, Oppland med 2,6 besøk, Troms med 2,4 besøk og Finnmark med 2,4 besøk per innbyggjar. 12 museum hadde gratis inngang for alle heile året, medan 86 museum hadde gratis inngang for barn heile året. For dei musea som tok inngangspengar var gjennomsnittsprisen for ein vaksenbillett 78 kroner, medan gjennomsnittspris for barnebillett var 40 kroner. I 2015 betalte 52 prosent av dei besøkjande billett, mot 54 prosent året før.

## Barn og unge

Musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet og samarbeider med skulane om besøk og formidling. 74 prosent av musea hadde ein plan for formidling retta mot barn og unge.

2,8 millionar museumsbesøk blei gjort av barn og unge i 2015, noko som svarar til om lag 25 prosent av det totale besøket.

Talet på barn og unge som deltok i organisert undervisning i 2015 var 950 000. Frå 2014 er det ein nedgang på nærare 50 000. Talet på barn og unge som var med på tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken har gått attende kvart år sidan 2010, frå meir enn 380 000 til i underkant av 300 000 i 2015. 30 prosent av musea hadde tilbod om internettbaserte pedagogiske opplegg for barn og unge.

FIGUR 6: BESØK 2006-2015 (I MILL.)



TABELL 3: DE BEST BESØKTE AREANENE

| Navn på institusjon | Navn på arena | Besøk totalt |
|---|---|---|
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | Botanisk hage | 840 726 |
| **Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo** | Vikingskipshuset | 448 006 |
| **Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design** | Nasjonalgalleriet | 370 116 |
| **Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider** | Nidaros domkirke | 346 267 |
| **Frammuseet** | Frammuseet | 318 286 |
| **Norsk Folkemuseum** | Norsk Folkemuseum | 277 258 |
| **Munchmuseet** | Munchmuseet | 254 287 |
| **Nobels Fredssenter, Stiftelsen** | Nobels Fredssenter, Stiftelsen | 248 266 |
| **Stiftelsen Norsk Teknisk Museum** | Stiftelsen Norsk Teknisk Museum | 247 607 |
| **Kon-Tiki Museet** | Kon-Tiki Museet | 190 000 |
| **Skimuseet i Holmenkollen** | Skimuseet i Holmenkollen | 171 771 |
| **Akvariet i Bergen** | Akvariet i Bergen | 150 808 |
| **Astrup Fearnley Museet** | Astrup Fearnley Museet | 130 341 |
| **Stiftelsen Lillehammer museum** | Maihaugen | 129 947 |
| **Stiklestad Nasjonale Kultursenter** | Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 128 556 |
| **Stiftelsen Atlanterhavsparken** | Stiftelsen Atlanterhavsparken | 125 322 |
| **NTNU Vitenskapsmuseet** | NTNU Vitenskapsmuseet | 123 945 |
| **KODE - Kunstmuseene i Bergen** | KODE 1,2,3,4 | 111 701 |
| **Anno museum AS** | Norsk Skogmuseum | 101 843 |
| **Oslo Museum** | Bymuseet og Teatermuseet | 101 348 |

FIGUR 7: TAL UTSTILLINGAR 2006–2015




TABELL 4: UNIVERSELL UTFORMING

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Er museets lokale tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne? | 74 % | 72% | 73 % | 73 % | 75 % | 73 % |
| Er museet si formidling tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne? | 55 % | 52 % | 64 % | 64 % | 67 % | 62 % |
| Følgjer museet sine heimesider WAI-standarden? | 36 % | 43% | 43 % | 47 % | 39 % | 47 % |

FIGUR 8: BARN OG UNGE SOM HAR DELTEKE I PEDAGOGISKE TILTAK 2010-2015 ( I HEILE 1000)




# UTSTILLINGAR OG FORMIDLING

Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremje innsikt og refleksjon. Den viktigaste formidlingskanalen er utstillingane.

## Utstillingar og formidling

I alt hadde musea 1 564 basisutstillingar (81 av desse var nye), 1 026 temporære utstillingar (717 nye) og 255 vandreutstillingar (67 nye) i 2015. Det var ein liten oppgang i talet på basisutstillingar frå 2014, medan talet på eigenproduserte, temporære utstillingar gjekk noko ned.

Musea tolkar ulikt kva som ligg i «basisutstilling», noko ein må vere klar over dersom ein samanliknar tal frå forskjellige museum. Rettleiingsteksten til skjemaet som musea har fylt ut, gir følgjande definisjon av basisutstilling: «Fast utstilling som er ein del av museets faste opplegg for formidling. Eit museum kan ha fleire basisutstillingar. Eit tun eller friluftsmuseum med fleire bygningar blir rekna som ei basisutstilling.»

## Opne møte, konsertar, teater

Musea hadde 6 023 opne møte, 1 623 konsertar og over 3 000 framsyningar av om lag 280 teateroppsettingar i 2015. Talet på opne møte har auka dei siste ti åra.

## Universell utforming

Når det gjeld fysisk tilrettelegging er bevaringsomsyn ei utfordring for mange av musea. 73 prosent av musea opplyser at dei har tilrettelagde lokale, med for eksempel teleslynge, heis for rullestolbrukarar og rullestolramper. 62 prosent av musea hadde formidling tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne, til dømes merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlest informasjon.
Då ikkje alle har tilgang til alle museumsbygg og anlegg, blir det viktig å utforme museet sine heimesider slik at fleire kan ta del i tilbodet. Web Accessibility Initiative (WAI) er ein standard for universelt tilgjengelege nettstader med retningsliner for informasjon på Internett. 47 prosent av musea melder at heimesidene deira følgde standarden i 2015, mot 39 prosent året før.

# FORSKING OG FAGLEG SAMARBEID

Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Samla har den formelle fagkompetansen og forskingsformidlinga auka. Talet på tilsette med doktorgrad har stige kvart år sidan 2011 og talet var 276 i 2015. Det er 101 fleire enn i 2011. Det same gjeld talet på fagfellevurderte publikasjonar som auka frå 301 til 528 i same perioden. 69 prosent av dei tilsette med doktorgrad arbeidde ved universitetsmusea, som også stod for 85 prosent av dei fagfellevurderte artiklane.

## Fagleg samarbeid

56 museum har delteke i eitt eller fleire forskings- og utviklingsprosjekt i 2015, mot 47 året før. Musea rapporterte om til saman 246 prosjektdeltakingar, mot 218 året før. Dei faglege og tematiske museumsnettverka har vore viktige plattformer for den fagleg utviklinga i musea dei ti siste åra. Av dei 116 musea i statistikken deltok 90 museum i eitt eller fleire av dei i alt 23 nasjonale nettverka. 35 av musea var med i fleire enn tre av desse. I alt deltok 50 museum i eitt eller fleire samarbeidsprosjekt i regi av dei nasjonale nettverka. Det er 10 færre enn året før. Fleire av desse prosjekta kan være samanfallande med dei allereie omtala FoU-prosjekta.

## Utlån

Tala for utlån frå samlingane fortel at 58 av musea lånte ut i alt 5078 gjenstandar til andre museum i 2015. Elles låner musea også ut fotografi, både til andre museum og til institusjonar utanfor museumssektoren. Samanlikna med tidlegare år er tala stabile, bortsett frå talet på utlån av gjenstandar musea i mellom, som har gått ned.

FIGUR 9: FORMELL KOMPETANSE 2011-2015



# FORVALTING AV SAMLINGAR

## Samlingane

Musea forvaltar og formidlar store samlingar. I alt blei det for 2015 rapportert om meir enn 21,8 millionar gjenstandar og nærare 34 millionar fotografi. 86 museum forvalta i alt 4 942 kulturhistoriske bygningar i 2015. 30 museum rapporterte om totalt 100 teknisk-industrielle anlegg. 36 av musea forvalta ulike kulturlandskap, med eit samla brutto areal på meir enn 28 000 dekar, og 44 av musea hadde ansvar for i alt 6600 dekar med hageanlegg.

I tillegg til at musea forvaltar desse samlingane, har musea store samlingar av private arkiv. Dette går fram av statistikk for arkivsektoren, som frå 2014 blir publisert av Riksarkivet.

Vedlikehald av bygningar og anlegg er ressurskrevjande. Mange museum rapporterer at utfordringane med bygningsforvalting aukar og at dei ikkje greier å halde tritt med vedlikehaldsbehovet.

## Tilvekst og avhending

Musea arbeider med betre rutinar for inntak av nye objekt til samlingane, prioritering av ressursane og avhending av materiale som ikkje har nokon verdi i forsking, formidling eller andre samanhengar. I 2015 avhenda 35 museum til saman 8 754 gjenstandar, 2519 fotografi og 5 kulturhistoriske bygningar. Likevel blir samlingane stadig større.

## Sikring og bevaring

60 prosent av musea rapporterte at dei hadde plan for bevaring og 64 prosent for sikring som galdt heile museet. Musea melde om i alt 8 tilfelle av brann eller branntilløp og 8 tilfelle av tjuveri eller tjuveriforsøk i 2015. Tala har vore stabile dei siste fem åra.

Musea rapporterte at det for 70 prosent av dei kunsthistoriske gjenstandane er svært gode eller tilfredsstillande tilhøve for oppbevaring. Tilsvarande tal for kulturhistoriske gjenstandar var 57 prosent, for arkeologiske gjenstandar 61 prosent, for naturhistoriske gjenstandar 22 prosent og for fotografi 69 prosent. Særleg for det arkeologiske og naturhistoriske materialet er det ikkje fullt ut rapportert om tilhøve for oppbevaring.[1] Likevel kan ein slå fast at musea slit med å sikre gode tilhøve for oppbevaring av samlingane. Fleire held på med å flytte samlingane inn i felles magasin. Det er derfor grunn til å vente betre tal i åra framover, sjølv om anslaget for gjenstandar og foto som har ikkje tilfredsstillande eller dårlege tilhøve for oppbevaring, er stort.

FIGUR 10: TAL GJENSTANDAR OG FOTOGRAFI I MILL. (PER 31.12.2015)




| | |
|---|---|
| Fotografi | 33,9 |
| Naturhistoriske gjenstandar | 10,6 |
| Arkeologiske gjenstandar | 6,7 |
| Kulturhistoriske gjenstandar | 3,8 |
| Kunsthistoriske gjenstandar | 0,8 |

[1] Universitetsmusea som har store samlingar, har andre rutinar for rapportering enn musea under Kulturdepartementet. Nokre av dei har derfor ikkje funne det mogleg å svare på spørsmål om tilhøve for oppbevaring av samlingane slik dei er formulerte i museumsstatistikken.

FIGUR 11: ÅRLEG TILVEKST AV GJENSTANDAR 2006-2015 (ARKEOLOGI FRÅ 2007)




TABELL 5: ÅRLEG TILVEKST AV GJENSTANDAR 2006-2015 (ARKEOLOGI FRÅ 2007)

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kunsthistoriske gjenstandar | 5 245 | 2 545 | 2 829 | 1 387 | 2 620 | 4 369 | 3 457 | 3 933 | 6 150 | 3 988 |
| Kulturhistoriske gjenstandar | 118 057 | 78 345 | 64 614 | 36 691 | 29 992 | 52 891 | 39 830 | 26 219 | 46 455 | 35 704 |
| Arkeologiske gjenstandar | | 29 620 | 42 090 | 104 473 | 124 834 | 68 235 | 224 014 | 185 046 | 120 318 | 360 581 |
| Naturhistoriske gjenstandar | 203 090 | 194 175 | 235 569 | 114 690 | 116 735 | 189 885 | 97 300 | 94 098 | 113 374 | 124 426 |

FIGUR 12: ÅRLEG TILVEKST FOTOGRAFI 2006-2015



FIGUR 13: FOTOGRAFI REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2011-2015




FIGUR 14: KUNSTHISTORISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2011-2015




FIGUR 15: KULTURHISTORISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2011-2015



FIGUR 16: ARKEOLOGISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2011-2015




FIGUR 17: NATURHISTORISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2011-2015




FIGUR 18: TAL BESØK PÅ DIGITALTMUSEUM.NO 2009-2015



FIGUR 19: KUNSTHISTORISKE GJENSTANDAR




| | |
|---|---|
| Svært gode forhold for oppbevaring | 2 % |
| Tilfredsstillande oppbevaring | 68 % |
| Ikkje tilfredsstillande oppbevaring | 21 % |
| Dårleg oppbevaring | 4 % |
| Ikkje rapportert | 5 % |

FIGUR 20: KULTURHISTORISKE GJENSTANDAR




| | |
|---|---|
| Svært gode forhold for oppbevaring | 30 % |
| Tilfredsstillande oppbevaring | 27 % |
| Ikkje tilfredsstillande oppbevaring | 27 % |
| Dårleg oppbevaring | 10 % |
| Ikkje rapportert | 6 % |

FIGUR 21: ARKEOLOGISKE GJENSTANDAR




| | |
|---|---|
| Svært gode forhold for oppbevaring | 23 % |
| Tilfredsstillande oppbevaring | 38 % |
| Ikkje tilfredsstillande oppbevaring | 14 % |
| Dårleg oppbevaring | 0 % |
| Ikkje rapportert | 25 % |

FIGUR 22: NATURHISTORISKE GJENSTANDAR




| | | |
|---|---|---|
| ■ | Svært gode forhold for oppbevaring | 17 % |
| ■ | Tilfredsstillande oppbevaring | 5 % |
| ■ | Ikkje tilfredsstillande oppbevaring | 63 % |
| ■ | Dårleg oppbevaring | 2 % |
| ■ | Ikkje rapportert | 14 % |

FIGUR 23: FOTOGRAFI




| | | |
|---|---|---|
| ■ | Svært gode forhold for oppbevaring | 24 % |
| ■ | Tilfredsstillande oppbevaring | 45 % |
| ■ | Ikkje tilfredsstillande oppbevaring | 23 % |
| ■ | Dårleg oppbevaring | 2 % |
| ■ | Ikkje rapportert | 6 % |

## TABELL 6: BESØK 2006 OG 2015, TAL PÅ GJENSTANDAR, FOTOGRAFI OG ÅRSVERK

| | BESØK 2015 | BESØK 2006 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (ekskl. frivillige) |
|---|---|---|---|---|---|
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 840 726 | 413 185 | 6 236 014 | 670 000 | 130,0 |
| Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | 551 435 | 579 461 | 379 218 | - | 170,7 |
| Norsk Folkemuseum | 533 448 | 380 370 | 310 905 | 1 999 001 | 222,3 |
| Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 520 388 | 478 451 | 2 187 718 | 760 000 | 166,5 |
| Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider | 396 226 | 388 000 | 13 000 | 20 000 | 62,5 |
| Frammuseet | 318 286 | 268 457 | 1 374 | 9 000 | 10,8 |
| Forsvarets museer | 305 658 | 278 335 | 110 000 | 35 000 | 50,0 |
| Museene i Sør-Trøndelag A/S | 257 746 | 338 580 | 195 079 | 2 045 450 | 197,1 |
| Munchmuseet | 254 287 | 114 151 | 36 245 | 805 | 77,4 |
| Stiftinga Jærmuseet | 252 367 | 113 035 | 48 089 | 134 578 | 71,2 |
| Nobels Fredssenter, Stiftelsen | 248 266 | - | 3 | 1 010 | 35,5 |
| Stiftelsen Norsk Teknisk Museum | 247 607 | 146 689 | 60 000 | 2 200 000 | 54,8 |
| Anno museum AS | 246 277 | 280 365 | 173 557 | 4 300 322 | 125,0 |
| Museum Nord | 229 806 | 229 580 | 70 442 | 375 422 | 87,7 |
| Stiftelsen Akershusmuseet | 210 798 | 144 554 | 80 839 | 4 421 620 | 103,3 |
| Museum Stavanger AS | 191 427 | 124 609 | 152 532 | 63 243 | 54,8 |
| Kon-Tiki Museet | 190 000 | 206 740 | 9 888 | 201 958 | 10,1 |
| Bymuseet i Bergen, Stiftelsen | 186 725 | 185 183 | 94 304 | 88 226 | 54,2 |
| KODE - Kunstmuseene i Bergen | 185 327 | 200 441 | 50 636 | 101 | 64,1 |
| Stiftelsen Lilllehammer museum | 174 818 | 191 799 | 75 750 | 450 000 | 71,6 |
| Skimuseet i Holmenkollen | 171 771 | 256 039 | 7 126 | 10 000 | 16,5 |
| Blaafarveværket | 171 537 | 228 913 | 1 379 | - | 43,1 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 168 777 | 177 823 | 76 372 | 620 333 | 51,5 |
| Museum Vest | 151 704 | 90 028 | 14 231 | 24 122 | 38,5 |
| Akvariet i Bergen | 150 808 | 274 750 | - | - | 20,0 |
| Tromsø Museum - Universitetsmuseet | 150 533 | 66 388 | 1 071 417 | 365 162 | 71,3 |
| Astrup Fearnley Museet | 130 341 | 63 508 | 1 325 | - | 27,1 |
| Vestfoldmuseene IKS | 125 950 | 136 138 | 66 534 | 726 866 | 72,2 |
| Stiftelsen Atlanterhavsparken | 125 322 | 100 476 | - | - | 14,5 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 123 945 | 70 064 | 3 008 517 | 80 | 144,0 |
| Oslo Museum | 120 780 | 37 447 | 29 400 | 982 910 | 37,4 |
| VILVITE, Bergen Vitensenter | 118 286 | - | - | - | 36,5 |
| Stiftelsen Buskerudmuseet | 113 042 | 113 882 | 127 724 | 259 737 | 51,5 |
| Telemark Museum | 106 564 | 56 941 | 151 132 | 2 663 050 | 40,2 |

| | BESØK 2015 | BESØK 2006 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (ekskl. frivillige) |
|---|---|---|---|---|---|
| Norsk Oljemuseum | 95 263 | 74 300 | 4 156 | 101 500 | 23,7 |
| Vest-Agder-museet IKS | 92 709 | 97 587 | 62 204 | 205 414 | 43,9 |
| Telemuseet | 91 032 | 256 723 | 19 245 | 480 000 | 7,2 |
| Stiftinga Sunnmøre Museum | 89 493 | 63 264 | 70 315 | 322 742 | 32,0 |
| Agder naturmuseum og botanisk hage IKS. | 88 918 | 69 192 | 108 314 | 10 400 | 13,0 |
| Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske stiftelse | 87 884 | 48 936 | 12 700 | 500 | 19,9 |
| Nordlandsmuseet | 85 535 | 53 637 | 50 400 | 229 845 | 48,1 |
| Vitensenteret i Trondheim | 82 828 | - | - | - | 15,7 |
| Østfoldmuseene | 79 659 | 75 246 | 96 831 | 787 503 | 54,5 |
| Museet Midt IKS | 78 032 | 56 718 | 22 599 | 8 006 | 37,9 |
| Norsk Industriarbeidermuseum | 77 322 | 30 239 | 13 094 | 581 000 | 31,5 |
| Helgeland Museum | 75 376 | 38 167 | 116 528 | 625 736 | 51,5 |
| Nordnorsk Kunstmuseum | 73 629 | 15 238 | 2 021 | - | 10,0 |
| Nordmøre museum, Stiftelsen | 72 401 | 62 562 | 61 340 | 204 773 | 28,1 |
| Romsdalsmuseet | 71 616 | 52 803 | 26 982 | 1 100 000 | 15,9 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 70 159 | 116 681 | 122 163 | 62 838 | 55,4 |
| Gudbrandsdalsmusea AS | 67 323 | 15 615 | 9 297 | 167 128 | 13,0 |
| Norsk Bergverksmuseum | 64 152 | 70 038 | 50 939 | 34 205 | 21,0 |
| Henie Onstad Kunstsenter | 63 184 | 29 880 | 3 402 | 616 | 19,0 |
| Norsk bremuseum | 62 189 | 45 630 | 3 | 43 | 5,3 |
| Mjøsmuseet AS | 61 012 | 119 464 | 30 904 | 657 493 | 17,8 |
| Varanger museum IKS | 59 645 | 42 853 | 29 520 | 59 440 | 25,7 |
| Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum IKS | 53 354 | 67 500 | 2 893 | 6 374 | 23,8 |
| Universitetet i Stavanger, Arkeologisk museum | 53 181 | 38 997 | 1 142 000 | 295 584 | 74,4 |
| Akershus slott | 53 178 | 39 274 | 926 | - | 17,0 |
| Sør-Troms Museum | 50 698 | 16 787 | 45 191 | 53 247 | 21,4 |
| Aust-Agder museum og arkiv IKS | 49 648 | 66 003 | 93 925 | 87 580 | 53,1 |
| Hardanger og Voss museum | 47 865 | 52 419 | 52 200 | 94 604 | 55,6 |
| Valdresmusea AS | 47 478 | 28 999 | 28 289 | 375 402 | 17,3 |
| Norsk vegmuseum | 46 849 | 40 814 | 22 000 | 60 400 | 24,1 |
| Nordnorsk vitensenter | 46 779 | - | - | - | 12,0 |
| Svalbard museum | 46 458 | 23 630 | 43 706 | 21 737 | 11,0 |
| Vest-Telemark museum | 40 205 | 57 128 | 19 874 | 108 962 | 21,5 |
| Norsk Luftfartsmuseum | 40 042 | 44 157 | 16 400 | 64 200 | 25,1 |
| Midt-Troms Museum | 38 869 | 18 306 | 29 000 | 61 000 | 14,5 |
| PUNKT Ø AS | 38 337 | 34 055 | 22 | 17 795 | 11,8 |
| Drammens museum for kunst og kulturhistorie | 37 423 | 22 606 | 51 535 | 9 485 | 14,8 |

| | BESØK 2015 | BESØK 2006 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (ekskl. frivillige) |
|---|---|---|---|---|---|
| Haugalandmuseene | 34 123 | 33 398 | 51 686 | 661 100 | 13,9 |
| Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark IKS | 32 127 | 30 109 | 12 601 | 46 822 | 18,8 |
| Vigeland-museet | 31 536 | 20 586 | 25 944 | 6 000 | 9,2 |
| Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum | 28 554 | 24 692 | 6 760 | 39 720 | 12,5 |
| Narviksenteret m/Narvik Krigsmuseum | 28 300 | 22 700 | 29 450 | 7 676 | 9,0 |
| Perspektivet Museum | 27 888 | 9 104 | 15 060 | 455 355 | 7,7 |
| Stiftelsen Tana og Varanger Museumssiida - Deanu ja Várjjat Museasidda Vuoddudus | 27 375 | 8 096 | 4 036 | 19 858 | 15,0 |
| Stiftelsen Kulturkvartalet | 26 216 | 21 506 | 3 084 | - | 12,2 |
| Dalane folkemuseum | 25 544 | 13 754 | 60 637 | 81 983 | 10,8 |
| Kistefos-Museet | 24 540 | 14 173 | 295 | 2 731 | 6,0 |
| Sørlandets Kunstmuseum | 24 515 | 21 149 | 1 495 | - | 13,0 |
| Museumssenteret i Hordaland | 24 418 | 21 276 | 120 631 | 15 982 | 39,0 |
| Nynorsk kultursentrum | 24 102 | 17 068 | 62 716 | 3 000 | 17,6 |
| Lillehammer Kunstmuseum | 23 677 | 27 783 | 1 423 | - | 11,3 |
| Sunnhordland Museum | 23 468 | 11 514 | 22 404 | 31 219 | 10,3 |
| Randsfjordmuseene AS | 21 393 | 13 800 | 29 795 | 160 454 | 16,5 |
| Ryfylkemuseet | 21 254 | 15 739 | 20 522 | 122 451 | 15,7 |
| Norsk Jernbanemuseum | 17 618 | 14 848 | 13 300 | 70 000 | 20,5 |
| Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum | 17 507 | 6 941 | 11 486 | 49 426 | 16,4 |
| Næs Jernverksmuseum | 16 757 | 9 051 | 8 190 | 83 | 5,5 |
| Skibladner - Oplandske Dampskibsselskap AS | 16 684 | - | - | - | 1,0 |
| Barnekunstmuseet | 15 024 | 21 005 | 150 000 | - | 4,0 |
| Universitetsmuseet i Bergen | 13 447 | 58 454 | 3 705 367 | 195 131 | 126,6 |
| Galleri Svalbard | 12 678 | 9 638 | 275 | - | 1,9 |
| Norsk Skogfinsk Museum | 12 273 | 9 110 | 32 597 | 293 100 | 6,7 |
| Preus museum | 12 043 | 5 450 | 55 758 | 814 936 | 11,2 |
| Falstadsenteret | 12 010 | 4 007 | 510 | 2 400 | 10,3 |
| Filmmuseet | 9 375 | 9 699 | 2 647 | - | 1,0 |
| Sirdal fjellmuseum | 9 084 | 6 986 | 866 | 1 700 | 1,0 |
| Vitenparken Campus Ås | 8 468 | 15 262 | 8 514 | 359 194 | 12,2 |
| Emanuel Vigelands museum | 7 390 | 4 120 | 7 500 | 2 000 | 1,3 |
| Jødisk Museum i Oslo | 7 193 | 800 | 2 150 | 4 400 | 6,0 |
| Norsk rettsmuseum (NRM) | 5 761 | 3 335 | 8 293 | 15 000 | 5,6 |
| Nord-Troms Museum AS | 5 385 | 4 228 | 19 210 | 52 752 | 10,0 |
| Oslo ladegård - Kulturetaten | 4 792 | 5 916 | - | - | 2,6 |
| RiddoDuottarMuseat | 4 236 | 7 754 | 9 548 | 22 197 | 12,5 |
| Engøyholmen Kystkultursenter | 4 200 | 1 600 | 1 000 | 13 | 8,5 |
| Stabbursnes Naturhus og Museum | 3 050 | 3 511 | 120 | - | 2,2 |

| | BESØK 2015 | BESØK 2006 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (ekskl. frivillige) |
|---|---|---|---|---|---|
| Árran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj | 2 600 | 3 200 | 448 | 2 630 | 5,0 |
| Stiftelsen Saemien Sijte | 1 751 | 766 | 512 | 2 285 | 6,9 |
| Oslo Skolemuseum | 1 111 | 2 488 | 2 732 | - | 2,3 |
| Vardobáiki museum | 1 049 | - | 509 | 20 000 | 1,3 |
| Norsk Tollmuseum | 888 | 620 | 1 460 | 2 800 | 2,0 |
| Singerheimen | 476 | 542 | 130 | - | 1,0 |
| Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter | 90 | 1 742 | 5 534 | - | 21,0 |
| **I ALT** | **11 322 673** | **9 257 350** | **21 818 863** | **33 887 946** | **4 016** |

## TABELL 7: ORGANISASJONSFORM

| | TAL PÅ EININGAR | FOREINING/ LAG | STIFTING | AKSJE-SELSKAP | INTERKOMMUNALT SELSKAP | KOMMUNAL VERKSEMD | STATLEG VERKSEMD | IKKJE OPPGITT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 | | 1 | 1 | | | | |
| Akershus | 3 | | 3 | | | | | |
| Oslo | 23 | 1 | 12 | 1 | | 3 | 5 | 1 |
| Hedmark | 3 | | 1 | 1 | | | 1 | |
| Oppland | 9 | | 3 | 5 | | | 1 | |
| Buskerud | 4 | | 4 | | | | | |
| Vestfold | 2 | | 1 | | 1 | | | |
| Telemark | 3 | | 3 | | | | | |
| Aust-Agder | 2 | | 1 | | 1 | | | |
| Vest-Agder | 5 | | 2 | | 2 | 1 | | |
| Rogaland | 8 | | 5 | 2 | | | 1 | |
| Hordaland | 12 | | 10 | 1 | | | 1 | |
| Sogn og Fjordane | 3 | | 3 | | | | | |
| Møre og Romsdal | 6 | 6 | | | | | | |
| Sør-Trøndelag | 5 | | 2 | 1 | | | 2 | |
| Nord-Trøndelag | 4 | | 2 | 1 | 1 | | | |
| Nordland | 7 | | 6 | 1 | | | | |
| Troms | 7 | | 5 | 1 | | | 1 | |
| Finnmark | 6 | | 2 | | 3 | | | 1 |
| Svalbard | 2 | | 1 | | | 1 | | |
| **I ALT** | **116** | **7** | **67** | **15** | **8** | **5** | **12** | **2** |

## TABELL 8 DEL 1: INNTEKTER (I HEILE 1000)

| | INNBYGGJARAR | BILLETT-INNTEKTER | VARER OG TENESTER | SPONSOR-INNTEKTER | GÅVER | ANDRE EIGEN-INNTEKTER | ORDINÆRT DRIFTS-TILSKOT FRÅ STATEN | ORDINÆRT DRIFTS-TILSKOT FRÅ FYLKES-KOMMUNE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 289 867 | 917 | 813 | - | 6 719 | 2 054 | 37 320 | 19 867 |
| Akershus | 594 533 | 4 829 | 10 951 | 287 | 243 | 11 774 | 44 837 | 25 196 |
| Oslo | 658 390 | 131 065 | 115 218 | 27 905 | 45 963 | 187 218 | 838 062 | - |
| Hedmark | 195 356 | 8 959 | 6 487 | - | - | 17 033 | 84 101 | 18 571 |
| Oppland | 188 953 | 13 892 | 10 195 | 17 443 | 1 822 | 42 330 | 123 683 | 15 538 |
| Buskerud | 277 684 | 9 729 | 22 475 | 814 | 3 137 | 8 046 | 52 168 | 21 050 |
| Vestfold | 244 967 | 2 364 | 2 954 | - | 2 647 | 2 040 | 40 235 | 26 430 |
| Telemark | 172 494 | 5 807 | 8 681 | 2 883 | 6 463 | 1 677 | 50 506 | 10 493 |
| Aust-Agder | 115 785 | 789 | 1 076 | - | 2 460 | 8 481 | 24 536 | 10 999 |
| Vest-Agder | 182 701 | 2 884 | 3 757 | 250 | 1 478 | 13 298 | 39 186 | 15 975 |
| Rogaland | 470 175 | 14 836 | 13 803 | 4 731 | 1 742 | 55 137 | 126 475 | 34 850 |
| Hordaland | 516 497 | 37 182 | 23 321 | 4 908 | 2 783 | 101 394 | 221 059 | 46 961 |
| Sogn og Fjordane | 109 530 | 5 610 | 4 304 | 64 | 3 | 2 317 | 34 517 | 15 429 |
| Møre og Romsdal | 265 290 | 18 084 | 12 987 | 4 204 | 1 723 | 13 311 | 54 406 | 19 987 |
| Sør-Trøndelag | 313 370 | 27 795 | 18 861 | 636 | 7 697 | 78 851 | 250 890 | 28 919 |
| Nord-Trøndelag | 136 399 | 9 519 | 7 967 | 1 371 | 649 | 7 371 | 58 149 | 19 148 |
| Nordland | 241 906 | 22 134 | 22 682 | 469 | 6 829 | 32 776 | 78 079 | 25 315 |
| Troms | 164 330 | 6 368 | 14 056 | 1 250 | 310 | 10 792 | 105 513 | 9 168 |
| Finnmark | 75 758 | 4 898 | 6 447 | - | 10 | 1 468 | 37 615 | 4 184 |
| Svalbard | - | 3 160 | 5 750 | - | - | 3 436 | 13 350 | - |
| **I ALT** | **5 213 985** | **330 821** | **312 785** | **67 215** | **92 678** | **600 804** | **2 314 687** | **368 080** |

## TABELL 8 DEL 2: INNTEKTER (I HEILE 1000)

| | ORDINÆRT DRIFTSTILSKOT FRÅ KOMMUNE | EKSTRA TILSKOT FRÅ STATEN | EKSTRA TILSKOT FRÅ FYLKES-KOMMUNE | EKSTRA TILSKOT FRÅ KOMMUNE | INNTEKTER I ALT | EIGEN-INNTEKTER SOM DEL AV TOTALE INNTEKTER | OFFENTLEGE TILSKOT PER INNBYGGJAR I NOK |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 14 358 | 4 373 | 1 733 | 1 324 | 89 478 | 12 % | 272 |
| Akershus | 17 946 | 6 807 | 4 881 | 1 470 | 129 221 | 22 % | 170 |
| Oslo | 115 051 | 61 688 | 234 | 533 | 1 522 937 | 33 % | 1 543 |
| Hedmark | 4 575 | 300 | 260 | 548 | 140 834 | 23 % | 555 |
| Oppland | 11 759 | 7 141 | 1 025 | 1 680 | 246 508 | 35 % | 851 |
| Buskerud | 11 243 | 3 753 | 75 | 94 | 132 584 | 33 % | 318 |
| Vestfold | 12 484 | 2 477 | 709 | - | 92 340 | 11 % | 336 |
| Telemark | 8 232 | 1 527 | 910 | 2 693 | 99 872 | 26 % | 431 |
| Aust-Agder | 11 920 | 10 421 | 5 515 | 5 235 | 81 432 | 16 % | 593 |
| Vest-Agder | 14 097 | 7 657 | 2 650 | 311 | 101 543 | 21 % | 437 |
| Rogaland | 35 991 | 18 011 | 4 551 | 839 | 310 966 | 29 % | 469 |
| Hordaland | 87 590 | 16 696 | 7 095 | 5 415 | 554 404 | 31 % | 745 |
| Sogn og Fjordane | 4 815 | 4 746 | 2 633 | 682 | 75 120 | 16 % | 574 |
